

Avtale om reglar for avgangsfeiring 2026

Føremål

Russetida skal være ei positiv inkluderande og trygg oppleving for avgangselevane, og eit minne for alle i skulesamfunnet.

Avtale om reglement og handlingsplanen for avgangsfeiringa skal trygge elevar, lærar og andre tilsette ved Stord vidaregåande skule mot hærverk og trakassering på skulen sitt område. Elevar skal ha tryggleik for eige liv og alvorlege helseutfordringar og kunne kjenne seg trygg i skulemiljøet. Elevane sitt læringsmiljø skal ikkje uroast. Skulen, hus i nabolaget og i nærleiken skal skånast mot hærverk.

Hugs:

- ❖ Det er skule i russetida - «test før fest».
- ❖ Vurdering og eksamensførebuing gjennomførast som normalt.
- ❖ Å være til stades på skulen er viktig for resultat.
- ❖ Eksamen startar våren 2026 før russetida.
- ❖ Skulereglane gjeld også i russetida - utan unntak.

Rammer

Reglement og handlingsplan for russefeiringa gjeld alle elevar som går Vg3 ved Stord vgs.

- Avgangselevar på alle skular skal være inkludert, avgangselevar skal vere saman om russefeiringa og skape gode relasjonar. Det betyr at aksjoner/hemnaksjonar skulane seg imellom ikkje vil være foreinleg med dette. Ved vår skule er det uaktuelt med «kriging» mellom skular. "Svartelisting" av elever skal ikkje skje.
- Etter normalreglementet er det ikkje tillate å nyte alkohol eller andre rusmiddel på skulen sitt område. Det er heller ikkje tillate å møte i ruspåverka tilstand på skulen.
- Kostnader ved skade på skulen sitt område utført av avgangselevar på Stord vgs. (gjeld også aktivitetar som det kostar ekstra å rydde opp etter) kan bli belasta skulen sitt avgangsstyre. Dersom slike hendingar oppstår vil det være styret sitt ansvar å få «rydda opp» i situasjonen på best mogleg måte.
- Vår skule skal ikkje vere arena for negative handlingar knytt opp mot for eksempel «knutereglar». Dersom slike aktivitetar er til skade for medelever, vil dette bli handsama som disiplinærsak. Når styret utarbeider «knutereglar» skal det vere skilje mellom skuletid og fritid.

- Eggkasting og kasting av andre matvarer som egg, mjøl, sukker, ketsjup, etc. skal ikkje skje på skulens sitt område. Det same gjeld kasting av kjemikaliar som maling og liknande.
- Det er forbode å bruke av vatn ballongar/vatn gevær inne på skulen sitt område.
- «Terror dagar» og «kidnapping» er totalt forbode.
- Det er forbode å drive sal og marknadsføring (også russeffektar) på skulen sitt område.

Russearrangement

Alle sosiale russearrangement som russefestar, konsertar og liknande vert lagt til helgene og heilag dagar i den grad det er mogleg.

Russeavis og sosiale media

Avgangsstyret tar avstand frå alt materiale som blir publisert av anonyme personar.

Skulen sitt ansvar for rettferdig handsaming av russ

Direktør opplæring og kompetanse oppmodar alle lærarane til å sjå an situasjonen og halde seg til det enkelte tilfelle, slik at det ikkje skal gå ut over andre avgangselevar på Stord vgs.

Sanksjonar ved brot på ordensreglement (gjeld alle elevar på skulen)

- Uvorden/overdriven aktivitet – tilsnakk.
- Mindre regelbrot – merknad, åtferd.
- Grove regelbrot – varsel om nedsett åtferdskarakter/utvising (eggkasting/valdeleg åtferd/mobbing).
- Gjentatte regelbrot – varsel om /evt. nedsett åtferdskarakter/utvising.
- Lovbrot kan medføre til at saka vert meldt til politiet.

Lokal tids- og handlingsplan

- Reglement og handlingsplan vert gått gjennom og signert på møte der avgangselevane ved avgangsstyret og rektor deltar. avgangsstyret ved skulen har ansvar for å gjere reglementet og planen kjent for resten av skulen sine avgangselevar.
- Reglementet vert lagt tilgjengeleg på skulens si nettside.

Viktige datoar våren 2026

Dato kjem, februar-mars 2026	Avgangselevar møter hjelparar Møte mellom alle elevane og støttetenestene rundt kullet.
Dato kjem, februar-mars 2026	Foreldremøte for avgangselevar ved Stord vgs.
Dato kjem, april 2026	Digitalt trafikksikringsarrangement, Trygg trafikk
13.05.2026	Dato for russedåp
13.05- 19.06.2026	Russeklede kan brukast på skulen sitt område
Onsdag 20.05 og torsdag 28.05	Knutedagar: Det er lov å ta knutar på skulen, om det er greitt for lærar
18.06.2026	Avslutning på skulen

Stad: *Stord*

Dato: *4.11.2025*

*Mabel Gna Thomus
Jedda Larsen Jøhndal*

*Marthe Alvar Kristensen
Thomas Hatlevik*

Harald H. Tøtve

Yaneh Gbelee

Embla Isdal Rogali

*Permar. N. Kuldertup
Elliot Sønnerlid*

Elen Strandenes

Signatur

(rektor)

Signaturar

(Avgangsstyret ved skulen)

Namn på dokument

Type dokument:

Utarbeidd av:

Godkjend av:

Godkjend dato:

Gjeld frå:

Revidert dato:

Arkivsak:-

Side 3 av 4